



Ål kommune, midt mellom Oslo og Bergen er den største av Hallingdals-kommunane med ca. 4.800 innbyggjarar, og med Bergensbanen og Rv. 7 som hovudårer. Flott natur og gode tilhøve for sport og friluftaktivitetar. Kommunen har eit godt kulturtilbod, og eit variert næringsliv, barnehageplass til alle, eit godt utbygd grunnskuletilbod, vidaregåande skule, og billeg eigenprodusert straum. Ål er "helsekommunen" i regionen med Hallingdal sjukestugu og base for Norsk Luftambulansse.

Kommunepsykolog

Beskrivelse avdeling

Ål kommune har oppretta ei prosjektstilling som kommunepsykolog, førebels for eit år og med intensjon om oppretting av fast stilling innen 2020.

Psykologen blir ein del av kommunale helsetenester og primært ny kompetanse til fagfeltet psykisk helse og rus. Stilling blir organisert i avdeling psykisk helse og rus. Avdelinga har over år bygd opp god kompetanse og har medarbeidarar med lang erfaring i fagfeltet.

Arbeidsoppgåver

Ny plan for psykisk helse og rus understrekar satsing på førebygging og tidleg innsats og har definert arbeidsområda til kommunepsykologen slik:

- Behandling og oppfølging av grupper, familiar og pårørnde, unntaksvis enkeltpersonar. Hovudvekt på barn og unge og tidleg innsats.
- Rettleiing og fagstøtte til andre yrkesgrupper i ulike avdelingar.
- Delta i team og tverrfaglege samarbeidsfora, vektleggje samhandling.
- Bidra i lærings- og mestringsarbeidet med vekt på motivasjon for livsendring.
- Systemarbeid med bidrag til folkehelsearbeidet, førebyggjande og helsefremjande arbeid.

Kvalifikasjonar

- Offentleg godkjent/autorisasjon som psykolog
- Erfaring med psykososialt arbeid med barn og unge og deira familiar.
- Forståing for tidleg intervensjon, førebyggjande og helsefremjande arbeid.
- Erfaring med rettleiing.
- Gode samarbeidsevner og fleksibilitet.
- Gode norskkunnskapar både skriftleg og munnleg.
- Personlege eigenskapar vert tillagt vekt.

Me tilbyr

- Utfordrande stilling i eit godt, aktivt og tverrfagleg miljø.
- God barnehagedekning
- Lønn etter avtale
- Konkurransedyktig pensjonsordning i KLP

Politiattest

For å kunne få tiltre stillinga må du levere politiattest nyare enn 3 mnd.

Send søknad

Bruk elektronisk søknadsskjema som ligg på adresse www.aal.kommune.no under lenka "Ledige stillingar".

Me hjelper deg gjerne dersom du treng hjelp til å søkje elektronisk.

Ta med kopi av vitnemål og attestar ved ev. intervju

Søknadsfrist 31.12.2017

Øystein Lappegard, Kommuneoverlege, tlf: 32085000, mobil: 99287906, oystein.lappegard@aal.kommune.no
Maj Britt Svartveit, avdelingsleiara psykisk helse, mobil: 97425320, maj-britt.svartveit@aal.kommune.no